

Elin og Henry Fanebust  
Lindåsvegen 2088, 5955 Lindås

Våge, 03.03.2023

Alver kommune, Miljø og Tilsyn

Klage på VEDTAK APM – 157/22

**VI PROTESTERER PÅ AVVIST KLAGE MED GRUNNGJEVINGA: «MANGLANDE KLAGEINTERESSE»**  
**Kommunen hevdar at vi ikkje har klageinteresse i saka, og difor manglar klagerett. Dette vil vi på det sterkeste bestride.** Vi konstaterer samtidig at

1. Kommunen tek oppatt feilframstillingane som vår klage har prova usanne
  2. Ikkje noko av innhaldet i vår klage er reellt tilbakevist
- Vi opprettheld dermed klagen vår.

**VI PÅBEROPAR OSS KLAGERETT PÅ VEGNE AV BÅDE ALMENNE OG EIGNE INTERESSER**

Det er i både almenne interesser ( LNF-område), og 99/1 sine interesser at konsesjonssøkjar evner å følgje naudsynt og heilt sentralt lovverk, dvs. er «skikka». Konsesjonssøkjar Judith Eikevik har sidan ho vart eigar av 99/4 i 2017 ikkje oppfyllt dette. Eit vedtak om konsesjon til Judith Eikevik både har hatt, og vil få, faktiske og rettslege verknader for 1) almenne interesser og 2) underteikna sin eidegom, 99/1.

**1. KLAGERETT PÅ VEGNE AV ALMENNE INTERESSER**

Vi vil påberope oss klagerett i kraft av almenne interesser og lovverket, med fokus på Jordlov, Naturmangfaldlov, Kulturminnelov m.fl. **Almenne interesser har ved konsesjonssøkjar Judith Eikevik sine omfattande brot på Jordlov og Naturmangfaldslov (utan konsesjon) lidd enormt verditap i dette LNF-området, både ved tapt matjord, tapt kulturlandskap, tapt kulturhistorie og tapt naturmangfald. Vi ser at framgangsmåten held kontinuerleg fram.** Å gje konsesjon, med bakgrunn i dette, vil skape ein fullstendig uhalldbar presedens m.o.t. likheit for lova, då dette vil føre til katastrofal utvikling av bygder m.o.t. Jordlov, Naturmangfald, ivaretaking av kulturlandskap, og kulturminne.

Brot på Kulturminneloven §2, første ledd: «Med kulturminner menes.....» Her finst ikkje lenger **eitt** einaste lite spor på 13,5 daa som kan førast tilbake til tidlegare buplass eller virke på 99/4 (også 99/1 sin tidlegare historie, 15 m mellom husa), finst heller ikkje **eitt** einaste originalt plantespor over same område, det som utgjorde **heile** 99/4 sitt tun med tilstøytande li- og myrområde, med bekk gjennom landskapet.

Brot på Vannressursloven § 10: «.....

Konsesjonssøkjar Judith Eikevik har i november 2022 i tillegg ulovleg senka vannspeil i myr heilt til grunnfjellet, så området ikkje lenger stettar def. av myr. Myra si forseinkande evne er varig redusert. Dermed er forholda for biologien i bekken, som hadde årssiker vassføring, totalt endra og øydelagd. Denne bekken renn vidare over 99/1 (vår eidegom) til Fjellangerpollen i Lurefjord-systemet, viktig del av biosfæreområdet Nordhordland. Konsesjonssøkjar Judith Eikevik har ved dei ulovlege tiltaka (utført utan konsesjon) gjort seg skuldig i grove lovbroter mot både «Vannressursloven» og «Lov om

bevaring av natur, landskap og biologisk mangfold». Å senke vannspeil er så alvorleg at det grip inn i fleire lovverk, og dersom vassdrag blir påverka kan det utløse konsesjonsplikt.

Tilleggskommentar: Det ulovleg monterte renseanlegget på 99/4, jfr. vedtak av 28.10.22: «Avslag på løyve ....», baserer seg på årssikker vassføring i denne bekken, dette kravet vert no ikkje stetta.

## 2. KLAGERETT PÅ VEGNE AV 99/1 SITT VERDITAP (utført etter 2017, dvs Judith er eigar)

Vi vil i tillegg påberope oss klagerett som følgje av den enorme verdiforringinga vår eigedom, i kraft av delt tun og kulturlandskap med 99/4, er påført ved at heile det samanhengande kulturlandskapet framfor oss er – utan søknad – totalt fjerna og omdanna til industriområde over fleire mål, heva ulovleg opp framfor oss med fleire høgdemeter komprimert steinmasse. Dette berre 14 m frå huset vårt, der tunge anleggsmaskiner har jobba med dette kontinuerleg i fleire år, med konsesjonssøkjær J.E. som eigar av 99/4. Vårt tun er påført ei varig og kraftig visuell nedgradering og eit verdimessig **stort** tap av dette, vi har i tillegg lidd grunnleggande forringing m.o.t. livskvalitet i tunet som følgje. Trass APM-krev om tilbakeføring av 13.10.21 held arbeid med steinsetjing/oppbygging framfor oss stadig ulovleg fram på 99/4 v/konsesjonssøkjær J.E.

### Brota på Jordlova

Desse brota er utført hovudakleg v/Judith Eikevik, minus 2,5 mål v/Alf i **2014**.

Brota på Jordlova gjeld heile tunområdet på 99/4, med tilstøytande li og myr, no totalt 13.667 m<sup>2</sup>, sjå vedlegg. Heile området, markert oransje, er avgrave + steinsett med fleire høgdemeter komprimert stein. Steinfallingar utanfor tunet, fleire m høgd, er delvis dekka til med matjord frå tunet eller myrjord. Jord frå tunet har og blitt brukt i stort omfang til å kamuflere høgda på over 100 m lang og opptil 6 m høg mur. **Enorme** mengder stein er utan søknad utskote både inne i tun + i tilstøytande område, og brukt til å endre kotehøgdene **mange meter opp og ned** over heile det oransjefarga området. Store delar heva meir enn 3 meter, opp til 6 meter inne i tun (som er «sårbart område», og difor særleg søknadspliktig!).

Landbruksveg vart **ikkje** bygd i tråd med løynet, over grunn del i myr, men i staden lagt der myra var mange meter djup i ein stor omveg. Truleg målbevisst for å frigjere jord: Dei store fjella med oppgravd myrjord er siste mndr systematisk brukt til å dekke fortløpande nye steinfallingar. I denne myra har omfattande masseutskifting funne stad siste månadene.

### Jordlova og «skikkethet»:

Lova krev at konsesjonssøkar på 99/4 **skal oppstre etter Jordlova**, men dette er grovt og systematisk ikkje gjort. Vi har ikkje sett **vilje** til å følgje dette lovverket. Særleg etter 2017, med Judith Eikevik som eigar, har brota på jordlova funne stad. Dette er grunnen vår for å hevde prov på «uskikkethet» i forhold til Konsesjon.

Ved konsesjonsvurdering **skal Jordlova leggjast til grunn**.

### KONKLUSJON KLAGERETT:

Den tette tilknytinga mellom 99/1 og 99/4 landskapsmessig, naturmangfaldsmessig, kulturminnemessig samt også forerensingsmessig gjer at jorda og landskapet på 99/4 inngår som ein viktig del av ressursgrunnlaget også til 99/1. Inngrep på 99/4 influerer direkte 99/1 sine faktiske og rettslege verdiar. Dette gjev 99/1 klagerett i kraft av rettslege og faktiske interesser.  
(Berre dei **visuelle** verdiane 99/1 har tapt, er formidable, og sjokkerer samtlege).

## USANT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren: «*Argumentet om å tilbakeføre kulturlandskapet på gbnr 99/4 slik det ein gong var, er ikke eit argument som skal vektleggast ved vurdering av rettsleg klageinteresse etter forvaltningslova, jf. Konsesjonslova.*»

Kommunedirektøren **feilsiterer, dette er grovt.** Vårt krav er at alle landskaps-endringar, inkludert tilbakeføring, skal følgje norsk lov og grensene lova set. Det set klare begrensingar for kva som er lov å gjere, og er **forvaltinga i kommunen sitt lovpålagnede ansvar å følgje opp.** Tun og matjord er ekstra sårbart, og spesielt søknadspliktig, difor særlig viktig at tilbakeføringa her vert spesielt ivaretatt. I dette tilfellet er det av J.E. utført vesentlege landskapsendringar (som å heve tunet fleire kotemeter over vesentleg område) i strid med lovverket, utan søknad og utan konsesjon.

Konsesjonssøkjar J.E. har i etterkant av APM sitt tilbakeføringsvedtak av 13.10.21 dessutan arbeidd i direkte strid med tilbakeføringsvedtaket, ved ytterlegare heving og utviding.

**Vi påberopar oss rettsleg klageinteresse i at tilbakeføring skal følgje lova og grensene lova set + følgje dei fatta vedtaka. Dette har ikkje konsesjonssøkjar vist vilje til. Fatta vedtak om tilbakeføring er APM-vedtaket av 13.10.21, adm. sine krav i brev av 15.10.21 og Alver sitt vedtak av 16.07.22.**

## IMØTEGÅING AV INNHALDET I «SUBSIDIÆR AVVISING AV KLAGA»

### «Kunne vore busett for 5 år sidan»

Dette er **feil**, dette veit kommunen. Kunne tidlegast vore busett i 2022/23.

Ifølge vedtak i Alver kommune måtte vegtrase til 99/4 vere avklart før byggeløyve kunne gjevest. Endeleg avklaring skjedde først i 2022. Eikevik/Fanagro har åleine **stor** del av ansvaret for at ting har tatt tid, ved aktivt i fleire år å motarbeide den traseen som no - heldigvis til slutt - er ferdig bygd og tatt i bruk. Eikevik/Fanagro har drive intens motarbeiding av denne traseen heile tida, med stadige brev til kommunen med uriktige påstandar og argumentasjon, som vi heile tida har mått skrive nye brev for å tilbakevise. Det har vore eit slit, og kravd mange, mange brev frå oss.

Kort fortald: Kommunen krov at veg måtte vere avklart før det kunne søkjast om bygging - vegsøknad var godkjent i 2020 - vegen var ferdigbygd i 2022. (Etter dette kjem tid til søkn.+ bygging) **Eikevik kunne ikkje vore busett for 5 år sidan. Dette veit kommunen, og burde informert APM om i saksdokumenta. Det ligg i kommunedirektøren sitt ansvar å gje APM riktig informasjon. Ikke gjort**

### «90 brev»

Vi avviser at det er 90 klagebrev. Svært mange brev gjeld problemstillinga ovafor, der vi har hatt belastninga i å måtta brevveksle med 99/4 sine betalte konsulentar og advokatar for å korrigere feilframstillingar/feilpåstandar i Eikevik si mangeårige motarbeiding av denne traseen. Ei motarbeiding som også har involvert sjølvtekst og to rettssaker, og mange brev. Vi har til og med måtta skrive brev i etterkant av dom i Tingretten for å minne om at 99/4 enno ikkje har oppfyllt.

Parallellt har vi heilt sidan 2014 opplevd sjokk-oppleveling på sjokk-oppleveling med overgrep/sjølvtekst inne på 99/1, der vi har måtta kontakte politi fleire gonger for å få massar tilbake, mange brev også i samband med dette.

Desinformasjon og feilinformasjon til kommunen har vore ein gjengangar gjennom saka, særlig i søknader og den informasjonen kommunen får frå 99/4 inn mot søknad.

Vi har måtta sende mange brev, men ikkje **eitt einaste brev** som har vore unødvendig. Breva våre har også den verdien i saka at dei kan dokumentere kva som faktisk har skjedd. **Det** har vore bruk for. Om talet på brev no skulle vere 90, fortel det **alt** om den store belastninga vi er påført.

**Landbruksformålet har lidd tap v/Judith Eikevik. «Nydyrkinga» kompenserer ikkje tapt innmark.**

7 daa bakkeplanering i søknaden er redusert til 5,5 daa etter vedtak i Alver kommune 17.06.22.

Vi kan, etter 01.08.22, observere at *ikkje omsøkte byggetiltak* tar form inne i det såkalla «nydyrkingsfeltet». Med også reduksjon for *hage*, vil det **reelle** resultatet «nydyrkning» her truleg bli nærmere 3 daa.

Konsesjonssøkjar har til no redusert innmarksbeitet på 99/4 med over 10 daa (utan å ha konsesjon).

Nydyrkinga kompenserer **ikkje** for det som her er redusert og tapt:

beiteforholda for vill sau, areal for før-produksjon, tapt arts mangfald i heile området.

Konklusjon: Landbruksformålet har lidd vesentleg tap under konsesjonssøkjar. Dette stirr mot

Konsesjonsloven. Tapet er også vesentleg auka etter 01.08.22.

#### **OM SKIKKETHET**      «pkt. 4. Om overtakaren kan sjåast som skikka til å drive eigedomen»

Kommunedirektøren meiner konsesjonssøkjar er skikka avdi ho er oppvaksen på gard, og har eit grunnkurs. Vår kommentar:

**Det som faktisk er gjort** må vege tyngst. Kan ikkje leggje vekt på oppvekst/grunnkurs når dette står i strid med kva som **er utført**. Det er kva som **er gjort** etter at Judith Eikevik overtok i 2017 som peikar retning vidare.

Grunnjevinga vår for å framleis hevde at konsesjonssøkjar ikkje er skikka, har vi også gjort grundig greie for under overskrifta «Brota på Jordlova».

#### **OM KULTURLANDSKAPET**      «pkt. 5. Omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet»

##### 2 USANNHEITER FRÅ KOMMUNEDIREKTØREN:

1. Kommunen tar oppatt usannheitene om at det er førre eigar Alf som er ansvarleg for ulovlegheitene.  
Det stemmer ikkje, og det veit kommunen. Med Judith som eigar f.o.m. 2017 har nær alle ulovlege tiltak funne stad, dette er også detaljert påvist i vår klage av 01.08.22.
2. Usant om betydning for kulturlandskapet:

Kommunen gjentek usannheita om at kulturlandskapet framstår fint og veldrive, trass at det no ikkje finst lenger spor av verken tidlegare **virke**, tidlegare **planteliv** eller endatil av tidlegare **landskap** over no langt meir enn 10 daa. Kotehøgder dramatisk endra opp og ned over alle dei meir enn 10 måla, masseutskiftinga over området har vore **total**.

KONKLUSJON: Omsynet til heilskapleg ressursforvalting og kulturlandskapet er ikkje oppfyllt.

#### **IMØTEGÅING AV KONKRETE PUNKT I KOMMUNEN SI VURDERING, EI TENDENSIØS VURDERING MED FLEIRE DIREKTE FEIL**

Vurderinga frå kommunen framstår tendensiøs, idet våre fakta-opplysningar vert omtala som påstandar («*påståtte ulovlegheiter*») trass i at dei er høgst provbare og reelle, dokumentert med dronebilete, endatil brukta av kommunen sjølv. Det vert samstundes feil-framstilt som om våre varsel til administrasjonen har vore behandla, noko dei ikkje har, vi har ikkje eingong fått svar på våre brev.

Breva våre har hatt relevante spørsmål, men det har mangla svar. Manglar enno.

**Det er vidare ei grov feilframstilling frå kommunen at det er den *førre eigaren* som har ansvar for ulovlegheitene, slik adm. skriv.**

I tillegg vert det framstilt som om det framleis skulle eksistere noko som helst kulturlandskap i tun og nærområde på 99/4, noko det ikkje gjer lenger.

Alt dette viser vesentlege faktafeil i grunnlaget for kommunen sine konklusjonar.

**OM «NABOMERKNADER»** Usant og tendensiøst frå kommunedirektøren:

Sitat: «*Det har i perioden fram til 2022 vorte utført påstått ulovleg arbeid med terrengendring, planering med meir*». Dette er ikkje «påstått», men konstatert. Til og med Berntsen har konstatert desse ulovlegheitene i brev med krav om tilbakeføring av 15.10.21.

Sitat: «*Kva tidlegare eigar har gjort og ikkje gjort er ikkje ein del av denne vurderinga*». Her gjentek kommunen feil. **Det er ikkje tidlegare eigar som har gjort, det er noverande etter 2017.**

Sitat: «*Slik nabo opplys. så er det del av dette arbeidet som har vore utført med Judith Eikevik som eigar*». Vi skrev, som adm. veit: **Judith Eikevik har vore ansvarleg for alle ulovlegheiter etter 2017, som er dei alt vesentlege.** Tendensiøs framstilling av kommunen.

Adm. prøver å framstille som om dei ulovlege tiltaka vi informerte statsforvaltaren om i brev av 23.11.2020 er vurdert i sakshandsaminga.

Sitat: «....er kommentert og vurdert under handsaming av desse sakene». **Heilt feil. Tiltaka er verken realitetsvurdert eller dokumentert.** Vi skulle då hatt informasjon etter Naboloven.

Sitat: «*Det kjem i same brev fram kritikk til kommunen si oppfølgjing av konsesjonsvilkår for førre eigar og manglande tilsyn etter §17. Misleghald av konsesjonsvilkår er ikkje ein del av vurderinga av denne saka*». Kommentar: Kritikk av kommunen etter §17 absolutt like relevant i dag, i forhold til noverande konsesjonssøkjar.

Feilframstiller som om tiltak har vorte retta, at det « *I APM-møte vart redegjort for ulovlegheitene, tiltak som er omsøkt og gjeve løyve, retta og tilbakeført*». Feil. **Dette skjedde** på APM-møtet: Berntsen dekka til fakta + feil-informerte politikarane, mot betre vitande. Vi sende APM naudsynte korrigeringar ( brev av 20.11.22, vedlagt)

Sitat: «*Vidare ytrar nabo ønske om at det ikke vert noko endring av det landskapet som var der opprinnelag...*». **Tendensiøst og feil.** Vi har sagt: Tilbakeføring må vere i pakt med vedtak (APM 13.10.21, Alver komm. 17.06.22), og i pakt med lovverket. Tun er sårbart område, og må difor særleg ivaretakast v/tilbakeføring.

Kommunedirektøren:

**«Landbruk har i klageomgangen lagt til grunn at det kan bli eit fint landskap med dei planane som no er godkjent og deler ikkje klagars ønske om tilbakeføring»**

Usant. Kommunedirektøren siterer Landbruk feil. Inne i tunet presiserer Landbruk at vedtak føl APM sine tilbakeføringskrav og at det også stettar krav frå nabo, sitat vedtak: «*Topp på ferdig dekke dei siste to meter frå nabogrense i nordaust skal ha lik kotehøgde som nabogrense og skrå nedover fram til godkjent landbruksveg*». Når det gjeld godkjende planar, er sanninga dessutan at det **ikkje** vert arbeidd i tråd med desse på 99/4.

Utsegna til kommunedirektøren er grov, for ved dette aksepterer Landbruk 6 meter koteheving i tun, utan at det nokon gong har lagt føre søknad om dette. Dei aksepterer og ei kote-heving med over 3 meter høgd over vesentleg område inne i det same tunet (framom vårt hus). Aldri vore søkt om denne meir enn 3 m høge kotehevinga med komprimert stein over stor flate, aldri vore realitetsbehandla av kommunen, aldri vore reell synfaring med dokumentasjon på den **faktiske** kotehevinga. **Det er dette som skal tilbakeførast, i pakt med vedtak og lovverk.**

Kommunedirektøren kan ikkje heve seg over lovverket.

**Vi krev ei tilbakeføring som føl lovverket, og dei eksisterande vedtaka.**

#### **NYE MOMENT SIDAN FØRRE KLAGEBEHANDLING 01.08.22**

- Området med total masseutskifting er no over 13 daa
- Vert **ikkje** jobba med tilbakeføring, kun i motsett lei
- Einaste løyvet som foreligg: bakkeplanering og nydyrkning vert det **ikkje** jobba med, vert fortløpende jobba med **ikkje omsøkte tiltak**
- Tilført utanfrå **store** mengder stor-stein til ytterlegare heving av kotehøgder
- Heva og murt vidare inne i det området som skulle tilbakeførast. Ikkje tilbakeført.
- Store mengder jord m/stein bygd opp framfor 100 m lang mur for å kamuflere høgd
- Anlagt bygge-tiltak inne i «nydyrkingsfeltet»
- Vidareført renseanlegg trass avslag 28.10.22
- Starta byggeprosess i strid med APM sitt tilbakeføringsvedtak + vedtak frå Alver kommune
- Gravd opp enorm mengde myrjord ved utviding av landbruksveg i ikkje omsøkt trase
- Utskyting i myr som totalt har endra forholda i myr + skapt akutt ureining til Fjellangervågen
- Øydelagt årssikker vassføring og biologiske tilhøve i bekk
- Utskyting i myr for å planere/masseutskifte eit stort område
- Bygd 1 daa stort steinplatå, som ikkje er prosjektert, i myr aust for sauehus
- Utskyting inne i «nydyrkingsfelt» i tun
- Denne veka lagt rør i byggeprosjektet. Vi har informert Alver v/Tilsyn,. Ikkje fått svar.

#### **Kommunen har aldri erkjent dei verkelege forholda på 99/4.**

Dei mange ulovlege tiltaka på 99/4 har verken vorte tatt tak i, eller følgd opp, av forvaltinga i kommunen. Når vi har varsle om inngripande, ulovlege tiltak utanfor stovedøra vår, har ikkje forvaltinga ein gong svart på breva våre, jfr. liste vedlagt. Slik har ulovleg arbeid kunna halde kontinuerleg fram utan å bli stoppa.

#### **Usant at tiltak er tilbakeført**

På same måte som forvaltinga aldri greip inn og stoppa ulovlegheitene, ser det ut som dei no prøver å plante grov feilframstilling til politikarar (og statsforvaltar?) av at tilbakeføring skal vere gjort, noko som **ikkje stemmer**.

## **VI OPPRETTHED KLAGEN VÅR AV 01.08.22**

Klagen er ikkje for nokon del er svekka, men styrka, i og med utviklinga etter 01.08.22, som beskrive. Ikkje noko av innhaldet i vår klage er tilbakeist. Adm. tek oppatt feilframstillingar vi har prova usanne. Vi opprettheld dermed klagen vår.

### **SUBSIDIÆR KLAGE**

Subsidiært klagar vi på at administrasjonen ikkje har oppfyllt sitt lovpålagte forvaltaransvar etter lovverket (Plan og Bygn.lov, Konsesjonslov, Jordlov, Naturmangfaldslov m.m), med den følgje at alle ulovlege tiltak har fått utvikle seg på 99/4. Vi ber om at det vert reist tilsynssak kring adm. si sakshandsaming.

Dei faktiske avvika på 99/4, **forholda mellom søknad og det som faktisk skjer**, er så store at det skulle medført konsekvensar. Kommunedirektøren gir uttrykk for at det som skjer på 99/4 er i tråd med omsøkte planar. Det er grovt usant.

99/1 har t.d. aldri vore nabovarsla om tiltak som den ulovlege hevinga på nabogrensa eller den massive, ulovlege kotehevinga i heile tunet framfor oss. Vi har varsla, men ikkje vorte ivaretatt av administrasjonen, slik dei pliktar etter lova.

**Vi krev her ei uhilda kote-måling på 99/4 for å påvise dei faktiske forholda, dette gjeld heile tunet framfor oss inkludert mur. Administrasjonen har hindra oss å ivareta våre interesser ved å ikke svare eller informere. Det har vore ei stor belastning for oss, når vi samstundes har sett på lovbrota ta form dag etter dag, og at desse rammar oss.**

### **KORLEIS KAN KOMMUNEN HA LETE J.E. HALDE PÅ MED ALLE DESSE TILTAKA UTAN KONSESJON?**

I saka på 99/4 Våge har det vore systematisk forvaltings-svikt frå det administrative nivået i Alver. Vi har opplevd at administrasjonen har **mot betre vitande**: ikkje tatt varsel på alvor, unnlete å svara på brev, hatt mangelfulle/tilpassa synfaringar, eller mest: ikkje hatt synfaringar i det heile, unnlete å følgje opp tiltak slik lova krev, unnlete å følgje opp eigne krav og vedtak, kort sagt unnlete å følgje opp lovverket i forhold til sine administrative oppgåver. Alt dette kombinert med at det har foregått jamn, systematisk feil-informasjon **frå** administrasjonen til politikarane, med det verste eksempelet under APM-møtet 9.11.22.

Vi har mått kjempa i sterkt motstand frå administrasjonen når vi har villa belyse dei faktiske forholda i saka. Frå adm. har vi i tillegg også kjent på sterkt manglande respekt. Vi har i praksis mått bere jobben med dokumentasjon **for** administrasjonen i saka på 99/4. Sidan forvaltinga svikta heilt, har vi skjønt at det var vi som måtte gjere dette. Vi har ikkje våga å reise vekk, i frykt for kva ei 20 tonns gravemaskin i tunet i konstant (ulovleg) arbeid då ville kunne utrette av uoppretteleg skade.

### **MANGLANDE KONTROLL/FORVALTINGSSVIKT Vi viser til §§ 16 og 17 i Konsesjonsloven**

Vi meiner handsaminga i denne saka viser ei så grunnleggjande svikt i forvaltinga i Alver at denne saka krev handsaming etter Konsesjonsloven § 17.

Med vennleg helsing

Elin og Henry Fanebust

Sist veke mottok 99/4 stor mengde rør (til byggeprosjektet). Brev frå oss vart sendt Alver v/Berntsen, med bilde + bønn om at byggearbeid vart stoppa inntil tilbakeføring er gjort i henhold til vedtak. Ikke fått svar, arbeidet ikkje stoppa, 99/4 har lagt rør heile veka. Dette viser at ulovleg arbeid på 99/4 får heller ikkje idag konsekvens.

Vedlegg 1: Kart over avgravd, steinsett område på 99/4.

Vedlegg 2: Reaksjon på Berntsen si framstilling for APM i møte 9.11.22.

Vedlegg 3: Brev vi ikkje har fått svar på frå administrasjonen i Alver